



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 24.10.2019

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Litteraturhuset, Smelteverkstomta Odda

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug
Kvam herad: Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører
Hardangerrådet iks: Nestleiar Astrid Dale Vindal
Rådmannsforum: Rådmann Anita Hesthamar
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Agenda:

09.00 – 11.00 Sakshandsaming
11.00 – 11.30 Orienteringar: Bu museum - status v/ Randi Bårtvedt
11.30 – 12.15 Lunsj
12.15 – 12.45 POSS - Toalettløysing for Hardanger? v/ Per Olav Opedal
12.45 – 15.00 Sakshandsaming

Orienteringar:

Indre Hordaland Revisjon v/ styreleiar Johannes Grønsdal og revisjonssjef Elin Bye og Nordhordland Revisjon v/styreleiar Lovisa Midtbø la fram bakgrunn og status for arbeidet med samanslåing til "Vestlandsrevisjon".

Hardanger og Voss museum v/direktør Randi Bårtvedt orienterte om HVM og restaurering av Bu museum.

POSS AS v/Per Olav Opedal og Arne Johansson. Vakuumtoaletter som test/pilot i Hardanger. POSS AS ønskjer å drifta dette med "underskotsgaranti" frå kommunane.

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Anved Johan Tveit

Torgeir Næss

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 40/19 Saker innmeldte ved starten av møtet.

Vert tatt opp under sak 46/19.

- Ønskjer frå administrasjonen for komande valperiode
- Skatteoppkrevjarfunksjonen
- Endring i vasskraftbeskatning. Rapport frå ekspertutval.
- Ny tingrettstruktur - Rettslokale Lofthus

- E39 Indre trase
- Påmelding til Hardangerkonferansen 2019
- Avslutningsarrangement 12.12.
- Møte med Hardanger tingrett

HR-sak 41/19 Meldingar

Vedtak:

Meldinga vert teken til vitande.

HR-sak 42/19 Møteplan for Hardangerrådet 2020.

Vedtak:

Møteplan 2020

2020	Jan.	Feb.	Mars	April	Mai	Juni	Sept	Okt.	Nov.	Des.
Regionrådet Representant- skapet	Torsdag 23.		Torsdag 19. Årsmøte	Torsdag 30.		Torsdag 11.	Torsdag 10.	Torsdag 22.		Torsdag 10.
Hardanger- konferansen									Ons-Tors 11.-12. Hardanger- konferansen	
Hardingtinget		Torsdag 13.								

Administrasjonen får fullmakt til å fastsetja møtestad.

**HR-sak 43/19 Godkjenning av avtale medfinansiering for kontrakt
"Snøggbåt Skyss - Turistrute Hardanger - Skyss 19/02"**

Regionrådet drøfta ei formulering for korleis medfinansieringa frå Hardangerrådet skal nyttast.

Vedtak:

Hardangerrådet ber Skyss om å leggja til slik ordlyd i pkt 2:

Finansieringa frå Hardangerrådet skal nyttast til produktutviklingsdelen av skysstilbodet.

Elles godkjenner Hardangerrådet oversendt avtale for medfinansiering for kontrakt
"Snøggbåt Skyss - Turistrute Hardanger"

**HR-sak 44/19 Deltaking i felles prosess for utforming av avtalar mellom
regionråda i Vestland fylke og Vestland fylkeskommune**

Vedtak:

Hardangerrådet er positive til å delta i ein fellesprosess for utvikling av samhandling mellom regionråda og Vestland fylkeskommune.

HR-sak 45/19 Møteplan og prosess for utforming av strategiplan for Hardangerrådet etter 2020.

Vedtak:

Interimsstyret møtest til første møte på Solstrand Hotel 19. november kl 10.00 - 12.00

HR-sak 46/19 Orientering- og drøftingssaker.

- Ønsker frå administrasjonen for komande valperiode
Dagleg leiar orienterte om desse punkta:
 - Overføring av kommunestyremøter via NettTV
 - Avisabonnement på lokalviser
 - Orientering om Hardangerrådet sitt arbeid og saker i dei ulike herads- og kommunestyrer.
- Skatteoppkrevjarfunksjonen
 - Høringsuttale vert sendt til alle ordførarane for godkjenning.
- Endring i vasskraftbeskatning. Rapport frå ekspertutval.
 - Hardangerrådet gjev uttale i denne saka
Høringsfrist 01.01.2020
Rådsordførar avtaler møte mellom regionrådet og Terje Breivik.
- Ny tingrettstruktur - Rettslokale Lofthus
 - Senterpartiet har fremja utsetjingsframlegg på rapporten som vart levert 01.10.2019.
Hardangerrådet tek kontakt med Samarbeidsrådet for Sunnhordland for vidare arbeid med uttale/påverknad i denne saka.
- E39 Indre trase
 - Hardangerrådet bør ta dette inn i sin uttale til NTP 2022-2033
- Påmelding til Hardangerkonferansen 2019
 - Ordførarane vidareformidler invitasjon til sine varaordførarar og formannskap/gruppeleiarar.
- Avslutningsarrangement 12.12.
 - Eidfjord 12.12. Middag Sjel og gane overnatting Quality Hotel Vøringsfoss.

Møteboka godkjent 24.10.2019.

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsordførar

Rådsmedlem
Anved Johan Tveit

Rådsmedlem
Torgeir Næss